

Protokoll

Det vart i tidsrommet 31.05.12 til 15.06.12 halde forhandlingar mellom Helse Møre og Romsdal HF og Den norske legeforening.

Tilstades på eitt eller fleire møter:

Helse Møre og Romsdal HF:

Frank Malme
Olav Finnøy
Vigdis Nakken
Else Rørstad

Den norske legeforening:

Marit Halonen Christiansen
Henrik Erdal
Georg N. Johnsen
Bernd E. D. Müller
Ralph Herter
Odd Frode Aasen
Trond Østraat

Det vart gitt eit generelt tillegg i basisløn for overlegar:
Overlegar med mindre enn 10 års ansiennitet: kr 25.500.
Overlegar med meir enn 10 års ansiennitet: kr. 27.000

Tillegg for ansiennitet for tidlegare HNR vart flytta inn i basisløn, der det alt har vore teknisk. Likeeins flytta ein det generelle tillegget på 32 000 kr inn i basisløn med kr 25 000. Sistnemnde med verknad frå 01.09.12. Partane er einige om at denne endringa i basisløn betyr ein reduksjon frå ulike individuelt tillegg på totalt kr 32.000 frå 1.9.2012.

Endring i § 4 Faglig utvikling og videreutdanning m.v., gjerer gjeldande frå 1.10.2012. Partane er enige om at endring av tal timar fordypning ikkje medfører endringar i tal timar i arbeidsplan.

Endring i § 5.6 (planlagt arbeid på helge- og høytidsdager) får virkning frå 15.6.2012.

De avtalte tilleggene gis ikke til arbeidstakere som er fratrukket før 1.7.2012, med mindre fratreden skyldes pensjonering. Det foretas ikke omregning og etterbetaling av overtidstillegg gitt før 1.7.2012. Etterbetaling av vaktlønn og UTA gis med virkning fra 1. januar 2012.


Sjå ny B-delsavtale for Helse Møre og Romsdal.

Partane er samde om at det er tenleg med ein fullstendig sams overeinskomst for medlemmar av Den norske legeforening tilsett i Helse Møre og Romsdal HF og at eventuelle kostnadar som følgje av dette er omstillingskostnadar.

Dette er eit utfordrande arbeid, då dei ulike økonomiske elementa er lite oversiktlege. Det vert sett ned eit partssamansett utval som innan ultimo oktober 2012 skal gå gjennom alle økonomiske element og eventuelle uteståande tekstlege element, og rekne på individnivå. Målet er å lage eit eins system for lønsdanning. Nytt lønssystem skal implementerast frå 01.11.12. Arbeidsgjevar tek ansvar for å kalle inn til fyrste møte, med oppstart før 01.09.12.

Ålesund, 15.06.2012

Helse Møre og Romsdal HF



Olav Finnøy

Den norske legeforening



Marit Halonen Christiansen